

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2022/406-15

Saksbehandlar

Anne Lise Næs

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2022/52	Formannskapet	16.06.2022
2022/75	Kommunestyret	22.06.2022

Vedtak - Samfunnsdel Kvinnherad 2050

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kvinnherad kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, Kvinnherad 2050, kommuneplanen sin samfunnsdel.

Planen skal kunngjerast og gjerast tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Eit eksemplar av planen skal sendast til departementet, statsforvaltaren, regionalt planmynde og råka statlige mynde.

Kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan kan ikkje påklagast.

Formannskapet si behandling i møte den 16.06.2022:

BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kvinnherad kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, Kvinnherad 2050, kommuneplanen sin samfunnsdel.

Planen skal kunngjerast og gjerast tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Eit eksemplar av planen skal sendast til departementet, statsforvaltaren, regionalt planmynde og råka statlige mynde.

Kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan kan ikkje påklagast.

Kommunestyret si behandling i møte den 22.06.2022:

BEHANDLING:

Gruppeleiarane sette fram forslag til nokre endringar i den nye planen;

Sjå sak 2022/406 - jp 42:

<https://prod01.elementscloud.no/publikum/Documents/ShowDocument/2ff0b82d-4b3d-48b4-987a-ebff927518a/15622>

Røysting:

Kommuneplanen, med endringar framsett av gruppeleiarane, vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kvinnherad kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, Kvinnherad 2050, kommuneplanen sin samfunnsdel.

Planen skal kunngjerast og gjerast tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Eit eksemplar av planen skal sendast til departementet, statsforvaltaren, regionalt planmynde og råka statlige mynde.

Kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan kan ikkje påklagast.

Vedlegg

1 Merknadshandtering - Samfunnsdel Kvinnherad 2050

2 Forslag nye mål og strategiar samfunnsdelen

3 Gjennomgang politiske merknader

4 Lenke til kommunedirektøren sitt planframlegg:

<https://pub.framsikt.net/plan/kvinnherad/plan-832ef0f9-e162-4c22-8c26-e51746ffb9ad-17321/#/home>

Samandrag/Saka gjeld:

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan med samfunnsdel og arealdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal vere grunnlaget for planar og virke i kommunen, og gje retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast.

Ny samfunnsdel vart lagt ut på høyring og offentleg ettersyn etter vedtak i Formannskapet 24.03.2022. Høyringsfristen var 13.05.2022, og samfunnsdelen vert no lagt fram til endeleg vedtak.

Det ligg ein omfattande prosess bak planen der mange grupper og aktørar i samfunnet har bidrege. Planforslaget legg FN sine berekraftsmål til grunn og har ein tidshorison fram til 2050. Planforslaget viser mål for ønska samfunnsutvikling og strategiar for korleis kommunen skal utvikle tenestene og løyse oppgåvene.

Planen blir utarbeidd og publisert som ei nettside, og blir skriven og publisert i *Framsikt*. Dette er eit verktøy for samfunnsplanlegging som skal sikre samanheng mellom ulike planar, mellom dei langsiktige overordna planane og økonomiplanen.

Saksutgreiing:

I følgje plan- og bygningslova § 11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan med samfunnsdel og arealdel. Lova set rammer for form og innhald i planen, og prosess i planarbeidet.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er kommunen sitt verktøy for strategisk, langsiktig og heilskapleg planlegging. Samfunnsdelen skal planlegge både for kommunen som samfunn og organisasjonen Kvinnherad kommune. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Gjennom arbeidet med kommuneplanen skal

kommunen vektlegge viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling og synleggjere dei strategiske vala kommunen tek.

Historikk og prosess

Førre samfunnsdel vart vedteken heilt attende i 2000. Det vart starta eit større arbeid med revidering av planen i 2005, og i dei påfølgjande åra vart det gjennomført ein omfattande prosess med evaluering av gjeldande plan, idédugadar, visjonsverkstad med meir. I 2014 vart det utarbeidd eit planprogram for ny samfunnsdel, men planarbeidet vart ikkje sluttført.

Kommunestyret vedtok 22.03.2018 på ny planoppstart for både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen. Arbeidet vart organisert i ei prosjektgruppe leia av plankontoret i kommunen. Prosjektgruppa har knytt til seg fagkompetanse frå ulike fagområde i organisasjonen. Styringsgruppe har vore formannskapet, og koordineringsgruppe har vore leiargruppa i kommunen, med kommunedirektøren sitt leiarforum som referanse. Det vart 22.11.2018 sett ned ei politisk arbeidsgruppe som besto av medlemmene i formannskapet.

Kommunestyret fastsette planprogrammet 23.07.2019. Innspelsperiode vart organisert mellom 22.05.2019 - 31.10.2019, og det vart gjort påfølgjande medverknadsarbeid mellom vår 2019 og haust 2019. Det vart halde arbeidsverkstad med leiarar og politikarar, gjestebod, og diverse folkemøte/temamøte, bygdemøte med meir.

Ei utvida prosjektgruppe arbeidde så fram forslaget til samfunnsdel. Det vart 23.03.22 halde verkstadmøte med medlemmane i utval for Plan, teknikk og miljø og formannskap. Innspela frå verkstadmøte vart arbeidd inn i samfunnsdelen i tråd anbefalingane i rapport frå verkstadmøte.

Merknadshandtering

Etter vedtak i Formannskapet 24.03.2022, så vart ny samfunnsdel lagt ut på høyring og offentleg ettersyn med høyringsfristen 13.05.2022.

Det kom inn 26 merknadar, 12 frå offentlege, 11 frå private og frå 3 frå politisk hald.

Det er lagt ved eit eige merknadsskjema med kommentarar, eit skjema for vurdering av politiske merknader, og skjema med forslag til justerte mål og strategiar. Skjema for vurdering av politiske merknader inneheld også justerte strategiar, sjå vedlegg.

Merknadane er også å finne på postlista sak 2022/406.

Det er ikkje lagt inn fleire mål, men nokre mål er justerte. Mange av merknadane er vidare teke til følgje og lagt inn anten som justerte eller nye strategiar, og med underpunkt.

Viktige tema som kan nemnast og som er utdjupa gjeld mellom anna samfunnstryggleik, Folkehelse/universell utforming, tema kring natur, landbruk, og tema kring born og unge. Eit attraktivt mål om kommunikasjon er mellom anna justert til; «Vegsamband og offentleg kommunikasjon i, til og frå Kvinnherad må forbetrast kontinuerleg». Eit anna mål om folketalsvekst er justert til; «Kvinnherad som kommune skal gjere alt som er mogleg for å oppnå ny folketalsvekst»

Kvinnherad kommunehar ikkje handlingsdel knytt til samfunnsdelen, men økonomiplanen fungerer som handlingsdel i kommunen. Det er difor ikkje relevant for Kvinnherad å ta inn alle merknadar som er kome til samfunnsdelen.

Kvinnherad kommune ynskjer elles å halde samsfunnsdelen så oversikteleg og konsis som mogeleg, og mange merknadar er difor lagt som underpunkt til strategiar som allereie fins.

Kommunen sin planstrategi utfyller samfunnsdelen i høve til nye planar som skal lagast eller justerast, og kva føringar som gjeld for samfunnsdelen. Nokre viktige tema er difor tydelege i kommunen sin planstrategi.

Innhald i planen

Samfunnsdelen til kommuneplanen har ein tidshorisont fram til 2050 og viser mål for ønskt samfunnsutvikling og strategiar for korleis Kvinnherad kommune skal utvikle tenestene og løyse oppgåvene best mogleg. Planen tek stilling til langsiktige utfordringar og skal vere grunnlaget for sektorane sine planar og verksemd.

Fundamentet ligg i FN sine 17 berekraftsmål, og dei er lagt til grunn i tre perspektiv for utvikling av Kvinnheradsamfunnet:

- ❖ Ein grøen kommune
- ❖ Ein frisk kommune
- ❖ Ein attraktiv kommune

Dette vert følgt opp i ti hovudmål for Kvinnherad:

GRØN Kvinnherad som kommune og samfunn skal vere ein netto nullutsleppskommune innan 2040

GRØN Kvinnherad som kommune og samfunn tek vare på naturen og har ei berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk

FRISK Kvinnherad er eit samfunn med små skilnader

FRISK Kvinnherad kommune skal jobbe for å oppretthalde ein variert og inkluderande frivillig sektor

FRISK Kvinnherad kommune gjev gode tenester i alle fasar av livet

FRISK Kvinnherad skal vera ein trygg kommune med god beredskap


FRISK Kvinnherad kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar

ATTRAKTIV Vegsamband og offentleg kommunikasjon i, til og frå Kvinnherad må forbeholdt kontinuerleg

ATTRAKTIV Kvinnherad som kommune skal gjere alt som er mogleg for å oppnå ny folketalsvekst

ATTRAKTIV Kvinnherad skal ha gode rammevilkår for eit allsidig og aktivt næringsliv. Full lokal sysselsetjing skal oppretthaldast og styrkast

Til dei ti målsettingane følgjer det eit sett av strategiar som viser vegval for å nå måla. Dei er som måla sortert i perspektiva Grøn, Frisk og Attraktiv. I tillegg kjem arealstrategiane, som vert teke rett inn i arealdelen og gir direkte føringar for den.



Etter lova skal kommuneplanen ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir. Handlingsdelen skal reviderast årleg, og økonomiplanen (etter kommunelova § 14-2) kan utgjere handlingsdelen.

Ny kommuneplan legg opp til ei slik løysing, og difor har kommunedirektøren valt å nytte same tekniske plattform for både kommuneplanen og økonomiplanen. Slik kan økonomiplanen sine tiltak bygge direkte på kommuneplanen sine mål og strategiar, og ein vil på betre vis kunne rapportere om resultat i framtidige årsmeldingar.

Produkt


I takt med utviklinga i resten av samfunnet vert kommunen sine styringssystem digitalisert. Frå 2022 vart kommunen sin økonomiplan og budsjett produsert og publisert som nettsider med digitale styringsdokumenter ved hjelp av økonomiplanmodulen i det skybaserte verktøyet *Framsikt*.

Planforslaget til ny samfunnsdel vart vinteren 2021/2022 tilpassa *Framsikt* sine styrings- og publiseringsløysingar gjennom ein eigen del av dette systemet kalla *Kommunale planar*. Dette er eit verktøy for samfunnsplanlegging som skal sikre samanheng mellom ulike planar og mellom dei langsiktige, overordna planane og økonomiplanen. Planane er digitale og vert publisert som internettsider. Modulen skal gi tilgang til enkeltplanar og plansystemet gjennom ein planoversikt via kommunen si heimeside.

Kvinnherad 2050, kommuneplanen sin samfunnsdel, vert såleis produsert og publisert som ei samling nettsider. Vonleg vil dette gjere planen meir tilgjengeleg for innbyggjarar, ålmenta, politikarar og tilsette i kommunen. Etter kvart som andre kommunale planar vert produsert i same system kan samfunnsdelen sine mål og strategiar dryssast inn i temaplanar og handlingsplanar på ein betre måte enn i dag.

Ved ulike milepælar i planarbeidet som politisk behandling, høyring og endeleg vedtak vert den gjeldande versjonen av planforslaget låst til den aktuelle milepælen. Slik kan ein finne attende til tidlegare forslag.

For å sikre dokumentasjonskrav og arkivbehov vert planinnhaldet i tillegg lagra som eit samanhengande digitalt dokument i ei PDF-fil. Også dette vert gjort ved kvar av dei store milepælane.



Vurdering

Samfunnsdelen til kommuneplanen er særst viktig for kommunen å få på plass. Det er her dei overordna, langsiktige og strategiske vala for kommunen som organisasjon og samfunn vert gjort. Framlegget følg desse lovkrava etter Plan- og bygningslova § 11, samt nasjonale og regionale omsyn.

Etter høyringsrunden har samfunnsdelen vorte justert litt.

Kommuneplanen sin samfunnsdel tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen vert no vurdert til å vere eit godt grunnlaget for planar og virke i kommunen, og gjev retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast.

Økonomisk berekraft:

Økonomisk berekraft er i hovudsak handsama i samfunnsdelen gjennom eitt av dei tre hovudperspektiva: "Attraktiv", med tilhøyrande mål og strategiar. I tillegg vil strategiane under "frisk" og "grøn", samt "senterstruktur" for kommunale tenester kunne påverka kommuneøkonomien. Samfunnsdelen sin handlingsdel/økonomiplan 2023-2026 vil konkretisere dei økonomiske konsekvensane av kommuneplanen for den kommunale økonomien.

Miljø og klima berekraft:

Kommuneplanen sin samfunnsdel set dei overordna mål og føringar for klima og miljø i Kvinnherad og skal følgje opp forpliktingar som kommunen har overfor overordna mynde. I perspektivet "grøn" gir denne planen gir også direkte føringar for underordna planar og for Kvinnherad som organisasjon og samfunn. Fastsetting av klimamål og arealstrategiar er døme på dette.

Sosial berekraft:

Sosial berekraft er framheva i samfunnsdelen gjennom perspektivet "frisk", med tilhøyrande mål og strategiar.

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid

Berekraftsmål nr 17 om samarbeid er godt ivareteke i samfunnsdelen gjennom eit omfattande medverknadsarbeid under slagordet "Kvinnherad 2050". Mål og strategiar er i stor grad basert på innbyggjarane sine innspel og politikarane sine prioriteringar.

Konklusjon

Kommuneplanen sin samfunnsdel har vore gjennom ein grundig prosess over fleire år, med omfattande medverknad og arbeid av administrasjon og politikarar. Det er stor trong for å få på plass eit overordna styringsdokument, og etter ei heilskapleg vurdering vil Kommunedirektøren tilrå at planen vert godkjent og vedteken.